

Til

Sjøfartsdirektoratet
post@sdir.no

Dykkar referanse: Henrikke Roald



Høyringsfråsegn – framlegg til innretning av nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026

Sogn og Fjordane Næringsråd vart skipa i 2016 og har som målsetting å vere ein sterk og samlande næringspolitisk organisasjon for næringslivet i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane Næringsråd samarbeider tett med dei andre regionale næringsorganisasjonane på heile Vestlandet og er medlem i Næringsalliansen Vestland saman med 15 andre næringsorganisasjonar i Vestland fylke. Vi har 120 medlemmar frå ulike bedrifter og organisasjonar i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Næringsråd har jobba med saka om nullutslepp 2026 i Flåm heilt tilbake til 2020. Vi er svært uroa over at viktig spørsmål som til dømes landstraum i Flåm og betre dialog med næringslivet i Aurland/Flåm ikkje er løyste for lenge sidan. Vi ser med stor undring at svært konstruktive innspel for å få ned dei totale utsleppa og reduserer dei totale klimapåverknadane frå mellom anna Aurland Hamnevesen KF, Norways Best og andre aktørar ikkje blir følgt opp.

Sogn og Fjordane Næringsråd meiner dette er kritikkverdig handtering frå statlege myndigheiter si side. Det er også svært kritikkverdig at statlege styresmakter ikkje tek innover seg kor øydeleggande nullutsleppskravet frå 2026 er for heile næringslivet i Aurland og i Flåm og dei dramatiske konsekvensane dette vil få for reiselivet i heile regionen.

Eit lite tilbakeblikk.

Sogn og Fjordane Næringsråd hadde Generalforsamling i Sogndal i juni 2021 og vi hadde invitert dåverande klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn til Generalforsamlinga. Eit av tema vi ønska å ta opp var saka om nullutslepp i Flåm. Vi sende derfor nokre kommentarar og spørsmål til departementet og til statsråden før Generalforsamlinga vår 7. juni 2021. Dette er henta frå det vi sende inn.

Spørsmål ang landstraum i Flåm og cruisebåt-anløp etter 2026.

Næringslivet i Flåm er fullrigga og har investert store summer for å ta i mot ca. 1 million turistar i året og pandemien har ført til stor usikkerheit både for næringslivet og dei tilsette i reiselivsbedriftene. I tillegg har også nullutsleppskravet i 2026 skapt stor usikkerheit.

I april (2021) vart det handsama eit Dok 8 forslag i Stortinget om nullutsleppskravet for verdsarvfjordane der vedtaket var:

Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåter også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022.

Sogn og Fjordane Næringsråd har oppfatta både Stortinget og statsråden til å ha stor forståing for dei langsiktige utfordringane som koronapandemien har hatt for den delen av reiselivsnæringa som har stort innslag av internasjonal turisme. Ein har også oppfatta at det er ønskje om å finne løysingar for reiselivsnæringa i Flåm.

Spørsmål:

1. *Korleis vil statsråden følgje opp dei klare føringane i vedtaket i Stortinget om landstraum i Flåm i 2022 og cruisebåtar etter 2026?*
2. *Korleis vil statsråden involvere og ha dialog med næringslivet i Flåm framover for å sikre at deira stemme blir høyrtd i det vidare arbeidet i departementet og i regjeringa.*
3. *Når kan ein forvente ei løysing på spørsmålet om landstraum i Flåm i 2022 og kva er den konkrete framdriftsplanen for dette arbeidet?*

Sogn og Fjordane Næringsråd deltok også på eit teams-møte med fleire av stortingsrepresentantane i næringskomiteen i desember 2020 der tema var handsaminga av Dok. 8: 28 (2020-2021) frå 14. oktober 2020.

Sogn og Fjordane Næringsråd meiner at det gjennom handsaminga av Dok 8:23 S og i andre samanhengar blitt vist politisk vilje til å oppfylle Stortinget sitt vedtak:

Det er svært beklageleg at dette ikkje har blitt følgt opp av klima- og miljødepartementet eller andre statlege styresmakter. Derfor støttar Sogn og Fjordane Næringsråd konklusjonen i høyringsbrevet frå Aurland Hamnevesen KF datert 25.09.2023 og deira grunngeving og vurderingar:

Framlegget kan ikkje innførast. Fordi,

1. Framlegget sikrar ikkje tilstrekkeleg cruisetrafikk til Flåm etter 2026 for etablering av landstraum. Framlegget sikrar ikkje cruisetrafikk i 2026 i det heile tatt.
2. Framlegget gjev uforholdsmessige ulemper lokalt som ikkje kan akseptierast.
3. Framlegget gjev negativ klimavinst i seg sjølv, og forhindrar lokale planar om store utsleppskutt på tvers av sektorar i Flåm.

Sogn og Fjordane Næringsråd ber også om at viktige moment i høyringsuttalen frå Aurland Hamnevesen KF blir vektlagde. I grunngevinga heiter det mellom anna:

Medverknad:

*Når tilrådinga kom i januar var framlegga våre forkasta utan ei skikkeleg grunngeving, eller høve til konstruktiv dialog. **Den prosessuelle bestemminga i oppdragsbrevet frå Klima- og miljødepartementet om involvering av kommunar og hamnemyndigheiter eksplisitt, er etter vårt syn ikkje følgt opp på forsvarleg måte.***

*I høve utgreiingsinstruksen er det fleire minimumskrav hamnevesenet ikkje kan sjå er svara på i saksutgreiinga; Kva er problemet og kva vil me oppnå? Spørsmålet er stilla ei rekkje gonger frå Aurland kommune og Aurland hamnevesen, utan at spørsmålet er svara ut frå statleg hald. Utfordringa er at ein har byrja saka med konklusjonen, for deretter å utgreie konsekvensane. Det kjem tydeleg fram av saksutgreiinga at det er konklusjonen som er problemet ein er satt til å løyse. **Føremålsspørsmålet er grunnleggjande for ein god prosess mot eit godt resultat. Saka reiser også ei rekkje prinsipielle spørsmål – særleg i høve ein rettferdig klimapolitikk. Manglande utgreiing i høve minimumskrava er eit brot på utgreiingsinstruksen.***

Konsekvensar av kravet om nullutslepp:

Hamnevesenet har orientert seg i marknaden av cruisereiarlag. Attendemeldinga er at ingen cruiseskip vil anløpe Flåm frå 2026 med føreslegen regulering. Hamnevesenet har 59 kaibestillingar i 2026, derav alle er varsla kansellert om forslaget vert vedteke. Det alt vesentlegaste av bestillingar gjeld skip som uansett er avskore frå høve til å nyte biogass, fordi skipa ikkje er bygd for bruk av flytande naturgass.

Når cruiseskipa ikkje kjem, inneber det at stortingsvedtak 691/21 om sikring av verdsarvfjordane som anløpshavn for cruise også etter 2026 ikkje er oppfylt.

I vedtak 691/21 går det elles fram statleg sikring av landstraum for cruise i Flåm. Klima- og miljødepartementet har avvist ytterlegare økonomisk støtte i høve tilskotet frå Enova. Dei gjev støtte på 27 millionar kroner, der resterande 108 millionar kroner finansierast ved sal av straum til cruiseskipa over tid. Når framlegget mest ikkje inneber cruisetrafikk, er heller ikkje denne delen av vedtaket oppfylt.

Sogn og Fjordane Næringsråd vil også vise til høyringsuttalen frå Norways Best og støttar det som kjem fram i deira samandrag:

Her er eit samandrag av innhald og budskap i vår høyringsfråsegn:

- Vårt selskap og reiselivet i Flåm ynskjer å vere i front på berekraftig reisemålsutvikling
- Vi har over tid investert i berekraftige løysingar, særleg knytt til transport og infrastruktur
- Forslaget til nytt nullutsleppsregelverk for verdsarvfjordane vil få store negative konsekvensar for reiselivet i Flåm, med tap av arbeidsplassar, sterkt redusert verdiskaping og dermed vår evne til vidare satsing på berekraftige løysingar.
- **Forslaget har ingen, og potensielt negativ effekt, på totale klimautslepp. Det har heller ingen effekt på teknologiutviklinga. Dette kjem fram av den samfunnsøkonomiske rapporten som er utarbeida av Menon Economics.**
- Forslaget gjer det ikkje mogleg med vidare cruisesatsing i Flåm etter 2026 og svarar ikkje ut Stortinget sine tilleggsvedtak frå 2021, der Stortinget mellom anna «ber regjeringa foreslå tiltak som sikrer verdsarvfjordane som anløpshavn for cruisebåtar også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022 (vedtak 691).»
- I Flåm har vi utvikla ei løysing for ein innovativ energihub, basert på etablering av landstraumanlegg, som vil redusere større utslepp enn forslaget frå Sjøfartsdirektoratet. Løysinga omfattar både sjø- og landbasert aktivitet.

Norways Best sin konklusjon:

Vi føreslår at overgangsordninga fram til 2035 omfattar eit alternativ der skip som kan kople seg til landstraum kan segle inn verdsarvområdet i tråd med TIER III regelverket. Då kan det etablerast eit landstraumanlegg i Flåm og Stortinget sitt tilleggsvedtak frå 2021 kan oppfyllest. I motsetning til Sjøfartsdirektoratet sitt forslag så vil dette både ha reell klimaeffekt og ta vare på lokal verdiskaping og arbeidsplassar.

Samandrag/konklusjon:

Denne saka bygger på følgjande vedtak i Stortinget:

Handsaming i Stortinget 3. mai 2018

Meld. St. 41 (2016–2017) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid, jf. Innst. 253 S (2017–2018) Samrøystes vedtak 672

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og fergeer i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»

Handsaming i Stortinget 25. februar 2021. Vedtak med 70 mot 16 stemmer.

«Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåtar også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022.»

Stortinget sitt vedtak frå 25. februar 2021 er ikkje innfridd.

I følgje den samfunnsøkonomiske rapporten som er utarbeida av Menon Economics har forslaget ingen, og potensielt negativ effekt, på totale klimautslipp. Det har heller ingen effekt på teknologiutviklinga. Dette var eit viktig tema då Stortinget handsama Klimastrategi for 2030.

Sogn og Fjordane Næringsråd meiner at statlege myndigheiter har svikta både når det gjeld etablering av landstraum i Flåm og å sikre verdsarvfjordane for cruisebåtar etter 2026. Sogn og Fjordane Næringsråd ber derfor om at framlegget frå Aurland Hamnevesen KF blir tekne til følgje.

Framlegget til innretning av nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026 kan ikkje innførast. Fordi,

1. Framlegget sikrar ikkje tilstrekkeleg cruisetrafikk til Flåm etter 2026 for etablering av landstraum. Framlegget sikrar ikkje cruisetrafikk i 2026 i det heile tatt.
2. Framlegget gjev uforholdsmessige ulemper lokalt som ikkje kan akseptierast.
3. Framlegget gjev negativ klimavinst i seg sjølv, og forhindrar lokale planar om store utsleppskutt på tvers av sektorar i Flåm.

Hornindal/Førde 3. oktober 2023



Bjørn Lødemel
Dagleg leiar

Vedlegg:

Høyringsfråsegn frå Aurland Hamnevesen KF
Norways Best AS